

# Årsrapport for busetting

2015

## Innhold

Hovudtrekk	2
Del 1: Måloppnåing - styringsparametre for rask busetting	3
Del 2: Busette	4
Del 3: Busettingsklare i mottak	7
Del 4: Einslege mindreårige	9
Del 5: Familiar	11
Del 6: Einslege vaksne	13
Del 7: Nasjonalitet	14
Del 8: Overføringsflyktningar	15
Del 9: Særskilt tilskot for busetting	15
Del 10: Vedtaks plassar	16



## Hovudtrekk

Årsrapporten tek for seg tal for busette i 2015 og busettingsklare per 31.12.2015. Denne sida gir eit overblikk over hovudtrekka i rapporten.


### Vedtaks plassar - plassutnytting på regionnivå

Region	Busette	Vedtak	Plass-utnytting
IMDi Øst	2445	2688	91 %
IMDi Indre Øst	1530	1571	97 %
IMDi Sør	1524	1548	98 %
IMDi Vest	2069	2137	97 %
IMDi Midt	1959	1975	99 %
IMDi Nord	1741	1800	97 %
Totalt	11342*	11719	97 %

\*Totaltalet inkluderer 74 personar med skjema identitet.

\*\*Totaltalet inkluderer m.a. personar søkt ut gjennom Bufetat

### Busettingsvedtak i høve til oppmoding




### Tal på busette og busettingsklare per 31.12.2015

	Busette	Busettingsklare
Totalt	11342*	3479
Einslege mindreårige	691**	555
- IMDi	571	406
- Bufetat	120	149
Born i familie	2683	366
Einslege vaksne	5148	2216

\*Totaltalet inkluderer 74 personar med skjema identitet.

\*\*Totaltalet inkluderer m.a. personar søkt ut gjennom Bufetat

### Busetting (måltal og faktisk) - månedleg og akkumulert



### Måloppnåing per 31.12.2015

Busetting innan:	3 mnd	6 mnd	12 mnd
All busetting		51 %	78 %
Einslege mindreårige	24 %	75 %	98 %
- IMDi	21 %	73 %	99 %
- Bufetat	47 %	87 %	95 %
Born i familie	22 %	72 %	95 %
Einslege vaksne		30 %	64 %

### Busettingsplassar - totalt

Opp-modning	Komm. vedtak	Busette
11 185	11 719	11 342
▼	▼	
105 %	97 %	

### Busettingsplassar - einslege mindreårige

Opp-modning	Komm. vedtak	Busette
741	645	691
▼	▼	
87 %	108 %	

## Del 1: Måloppnåing - styringsparametre for rask busetting\*


Måloppnåinga for den samla busettinga i 2015 endte på 51 pst. Dette er ei framgang på 3 prosentpoeng frå 2014. Dette til tross for at talet flyktningar som vart busette har auka med 46 pst frå 2014. Resultatkravet på 55 pst vart likevel ikkje nådd.

Berre 21 pst av dei einslege mindreårige som vart busett av IMDi vart busett innan 3 månader frå vedtak om opphald. Dette er ein nedgang på 44 prosentpoeng samanlikna med måloppnåinga for denne gruppa i 2014.

### 1.1 MÅLOPPNÅING 2015

BUSETTING INNAN:	3 MND	6 MND	12 MND
All busetting		51 %	78 %
Einslege mindreårige	24 %	75 %	98 %
- IMDi	21 %	73 %	99 %
- Bufetat	47 %	87 %	95 %
Born i familie	22 %	72 %	95 %
Einslege vaksne		30 %	64 %

### 1.2 HISTORIKK MÅLOPPNÅING



Figuren over syner utviklinga i måloppnåing for dei ulike personkategoriane frå 2010 og til utgangen av 2015. Den samla måloppnåinga på 51 pst i 2015 er 23 prosentpoeng lågare enn i 2010.


Born i familie vert prioritert for busetting innan 3 månader frå vedtak om opphald. Måloppnåinga for denne gruppa auka frå 17 pst i 2013 til 23 pst ved utgangen av 2014, men har no gått ned til 22 pst. [Les meir om familiar i del 5.](#)

Måloppnåinga for einslege vaksne gjekk ned frå 37 pst i 2012 til 22 pst ved utgangen av 2014, men har no auka til 30 pst. Einslege vaksne utgjør framleis fleirtalet blant dei busettingsklare på mottak, og er den gruppa som har lengst ventetid. Nedgangen i talet på busettingsklare gjer likevel at det er grunn til å tru at måloppnåinga vil halde fram med å auke i tida framover. [Les meir om einslege vaksne i del 6.](#)

Måloppnåinga for alle einslege mindreårige enda i 2015 på 24 pst. Dersom ein skil mellom dei som vart busett av IMDi (15-18 år) og dei som vart busett av Bufetat (under 15 år), vart måloppnåinga på høvesvis 21 pst og 47 pst.

Einslege mindreårige er den gruppa med størst variasjon i måloppnåing – frå 16 pst i 2010, opp til 72 pst i 2013 og ned til 24 pst per utgangen av 2015.


### 1.3 HISTORIKK MÅLOPPNÅING OG BUSETTINGSKLARE



Figur 1.3 over syner den historiske sammenhengen mellom kor mange som venta i mottak ved utgangen av året og den samla måloppnåinga som vart oppnådd det same året.

Det store talet på busettingsplassar mot slutten av 2015 gjorde det mogleg å busette mange lengeventande. Den gjennomsnittlege ventetida for dei busettingsklare har difor gått ned. Dette legg til rette for auka måloppnåing i tida framover, så fram busettinga held takt med talet på nye busettingsklare som kjem inn i mottak.

### 1.4 DEL EINSLEGE MINDREÅRIGE BUSETT INNAN 3 MÅNADER ETTER VEDTAK



Einslege mindreårige er den gruppa som har størst nedgang i måloppnåing i figur 1.2. Medan skilnadane mellom Bufetat og IMDi var nokså store i både 2012 og i 2013, enda resultatane i 2014 på eit tilnærma jamt nivå. Dette skuldast ei noko redusert måloppnåing for IMDi og ei auka måloppnåing for Bufetat. Både IMDi og Bufetat har ein kraftig nedgang i måloppnåing i 2015, og IMDi har størst nedgang med 44 prosentpoeng frå 2014. Nedgangen har samband med ein stor auke i tal på einslege mindreårige som kom til Noreg i 2015. [Les meir om einslege mindreårige i del 4.](#)

\* Jf. tildelingsbrev 2015, Delmål 1: Rask busetting til kommunane. Resultatkrav om 55 pst busette innan 6 mnd etter vedtak om opphald, resterande del skal busettast innan 12 mnd. For einslege mindreårige er det resultatkrav om 80 pst busette innan 3 mnd, resterande del skal busettast innan 6 månader.

## Del 2: Busette

Busettinga i 2015 vart rekordhøg med 11 342 busette flyktningar. Dette er om lag 3 500 fleire enn i 2014 og om lag 4 800 fleire enn i 2013. Av dei busette var 691 einslege mindreårige og 2 683 born i familie. 97 pst av busettingsplassane vart nytta.

### 2.1 NØKKELTAL FOR BUSETTING - HISTORIKK

	2013	2014	2015
<b>Busette totalt</b>	<b>6551</b>	<b>7784</b>	<b>11342</b>
Busette einslege mindreårige	421	536	691
- IMDi	345	453	571
- Bufetat	76	83	120
Busette born i familie	1743	1981	2683
Busette einslege vaksne	2571	3145	5148
<b>Gjennomsnittleg ventetid frå saksoppretting til busetting - totalt</b>	<b>19,4</b>	<b>18,8</b>	<b>17,3</b>
- einslege mindreårige	6,0	6,3	8,3
- born i familie	19,0	18,4	17,3
- einslege vaksne	20,0	19,0	17,4
<b>Gjennomsnittleg ventetid frå vedtak til busetting</b>	<b>7,4</b>	<b>8,3</b>	<b>8,4</b>
- totalt	7,4	8,3	8,4
- einslege mindreårige	2,8	2,9	4,9
- born i familie	6,2	6,0	5,6
- einslege vaksne	9,3	11,0	10,8

Talet på busette har auka stabilt dei siste åra, og gjorde eit kjempehopp i 2015. Busettinga i 2015 auka med 46 pst samanlikna med 2014.

Den samla gjennomsnittlege ventetida frå vedtak til busetting har auka med ein månad sidan 2013. Medan ventetida for einslege vaksne og born i familie har gått noko ned sidan 2014, har ventetida for einslege mindreårige auka med 2 månader. Det er ei auke på 69 pst samanlikna med 2014.

Tabell 2.2 syner den fylkesvise busettinga. I 2015 vart det busett 2 365 overføringsflyktningar. Fleirtalet av desse var syrarar. [Les meir om overføringsflyktningar i del 8.](#)

I 2015 kom det 1 931 personar med familieinnvandringsløyve, som er ei auke på 23 pst frå året før. Samstundes var det ei auke i talet på personar med slikt løyve som vart busett frå mottak. I 2014 utgjorde dette 350 personar, medan det i 2015 vart busett 630 på denne måten. Desse vert talt med i totaltalet for busette. Auka må sjåast i samanheng med den store tilstrøyminga og ventetida i mottak. Dette fører til at stadig fleire av dei familiesameinte får innreise til Noreg før referansepersonen får tilbod om busetting.


### 2.2 FYLKESVIS BUSETTING (INKLUDERT FAMILIEINNVANDRA)

REGION	Einslege mindreårige	Familiepersonar	Einslege vaksne	Busette totalt*	Kor av overføringsflyktningar	Kor av flyktningar frå mottak	Kor av familieinnvandra frå mottak	I tillegg kjem familieinnvandra
Østfold	35	167	217	419	47	356	16	39
Akershus	48	321	460	829	100	682	47	199
Oslo	35	314	335	684	109	532	43	75
Vestfold	40	216	257	513	68	414	31	103
<b>IMDi Øst</b>	<b>158</b>	<b>1018</b>	<b>1269</b>	<b>2445</b>	<b>324</b>	<b>1984</b>	<b>137</b>	<b>416</b>
Hedmark	26	226	139	391	112	250	29	80
Oppland	14	273	227	514	123	361	30	92
Buskerud	34	344	247	625	192	404	29	124
<b>IMDi Indre Øst</b>	<b>74</b>	<b>843</b>	<b>613</b>	<b>1530</b>	<b>427</b>	<b>1015</b>	<b>88</b>	<b>296</b>
Telemark	41	356	132	529	194	319	16	113
Aust-Agder	28	188	146	362	93	264	5	51
Vest-Agder	34	323	276	633	120	507	6	95
<b>IMDi Sør</b>	<b>103</b>	<b>867</b>	<b>554</b>	<b>1524</b>	<b>407</b>	<b>1090</b>	<b>27</b>	<b>259</b>
Rogaland	39	390	348	777	179	547	51	121
Hordaland	41	391	415	847	152	633	62	156
Sogn/Fjordane	19	238	188	445	99	280	66	31
<b>IMDi Vest</b>	<b>99</b>	<b>1019</b>	<b>951</b>	<b>2069</b>	<b>430</b>	<b>1460</b>	<b>179</b>	<b>308</b>
Møre/Romsdal	33	303	345	681	153	510	18	147
S. Trøndelag	48	317	449	814	131	659	24	109
N. Trøndelag	32	179	253	464	102	353	9	84
<b>IMDi Midt Noreg</b>	<b>113</b>	<b>799</b>	<b>1047</b>	<b>1959</b>	<b>386</b>	<b>1522</b>	<b>51</b>	<b>340</b>
Nordland	67	419	370	856	171	603	82	159
Troms	36	285	253	574	121	405	48	106
Finnmark	41	179	91	311	99	194	18	47
<b>IMDi Nord</b>	<b>144</b>	<b>883</b>	<b>714</b>	<b>1741</b>	<b>391</b>	<b>1202</b>	<b>148</b>	<b>312</b>
<b>Noreg</b>	<b>691</b>	<b>5429</b>	<b>5148</b>	<b>11342</b>	<b>2365</b>	<b>8273</b>	<b>630</b>	<b>1931</b>

\*Totaltalet per fylke inkluderer familieinnvandra frå mottak (dette utgjorde 630 personar). Desse er trukke frå i kolonna med dei 1 931 familieinnvandra. Totaltalet for Noreg inkluderer i tillegg 74 personar med skjerna identitet som ikkje er lista på fylkes-/regionnivå.

### 2.3 REGIONVIS BUSETTING

Tal på personar (måloppnåing)



### 2.4 REGIONVIS BUSETTING OG MÅLOPPNÅING


	Øst	I.Øst	Sør	Vest	Midt	Nord	Totalt
Faktisk busetting	2445	1530	1524	2069	1959	1741	11342*
Måltal for busetting	2020	1400	1450	2000	1550	1580	10000
Måloppnåing i %	121 %	109 %	105 %	103 %	126 %	110 %	113 %

\*Totaltalet inkluderer 74 personar med skjerna identitet.

Figurane 2.3 og 2.4 syner den regionvise busettinga sett i høve til måltal for busetting. Når det gjeld tal på busette, er det region Øst som nådde høgast busetting med 2 245 busette. Region Sør hadde lågast busetting med 1 524 busette.


Den samla busettinga på 11 342 personar svarer til 113 pst av målalet på 10 000. Dette har vore mogleg ved ein storstilt auke i kommunanes kapasitet til å ta imot flyktingar. Kvar region har ei måloppnåing på over 100 pst. Sett i høve til målalet for den enkelte region, var det region Midt som hadde aller høgast måloppnåing på 126 pst. Region Vest hadde lågast måloppnåing med 103 pst.

### 2.5 BUSETTING (MÅLTAL OG FAKTISK) - MÅNADLEG OG AKKUMULERT



Den akkumulerte busettinga har lege på eit høgare nivå i heile 2015 samanlikna med 2014. Det same gjeld den månadlege busettinga, som har vore høgare i alle månader i 2015. Den månadlege busettinga varierte mellom 498 (januar) og rekordhøge 1 625 (desember) per måned.


### 2.6 HISTORIKK TERTIALSVIS BUSETTING



Figur 2.6 syner korleis den tertialvise busettinga har vore fordelt kvart år frå 2010 til og med 2015. Busettinga i 2015 har vore høgare i alle tertiala samanlikna med dei føregåande åra.

Det kjem fram at tredje tertial har høgare busetting enn dei føregåande tertiala i alle åra. Det vil vere ei ynskja utvikling om dette jamnast ut i større grad. Busettinga i tredje tertial var særleg høg i 2015. Dette har samanheng med at kommunane gjorde mange busettingsplassar tilgjengeleg hausten 2015. [Les meir om dei busettingsklare i del 3.](#)


### 2.7 ALL BUSETTING



\*Totaltalet inkluderer 74 personar med skjerna identitet.

Av dei 11 342 busette i 2015 vart 8 544 busett frå mottak, 2 365 var overføringsflyktingar, og 359 oppheldt seg utanfor mottakssystemet før busetting. I tillegg vart det busett 74 personar med skjerna identitet.


## 2.8 PERSONKATEGORAR AV BUSETTE



Personfordelinga i figuren over har vore stabil over fleire år. Det er likevel ei auke i delen einslege vaksne som vart busett. Einslege vaksne utgjorde 46 pst av dei busette, medan einslege mindreårige utgjorde 6 pst. [Du kan lese meir om einslege mindreårige i del 4 og om einslege vaksne i del 6.](#)

48 pst av dei busette er personar som er del av ei familieei-ning. [I del 5 kan du lese meir om familiar, mellom anna fordelinga mellom born og vaksne.](#)


## 2.9 VENTETID (MND) FRÅ VEDTAK TIL BUSETTING



Gjennomsnittleg ventetid for alle som vart busett i 2015 ligg på 8,4 månader. Medianen er 5,9 månader. Det tyder at halvparten av dei busette venta mindre enn 5,9 månader før busetting, og halvparten hadde venta meir enn 5,9 månader før busetting.

Skilnaden på 2,5 månader mellom gjennomsnittleg ventetid og median, tyder at det er nokre personar som har ei ventetid som er monaleg høgare enn 5,9 månader. I løpet av året vart det busett 428 personar som hadde ei ventetid på 2 år eller meir sidan vedtak om opphald. [Du kan lese meir om busettingsklare i del 3.](#)

## 2.10 GJENNOMSNIITTELEG VENTETID (MND) FRÅ VEDTAK TIL BUSETTING




Den samla gjennomsnittlege ventetida varierte mellom regionane – frå 7,6 i region Midt til 10,2 i region Indre Øst.

For born i familie og einslege mindreårige er det berre mindre variasjonar i ventetida mellom dei ulike regionane. For einslege vaksne varierer ventetida frå 8,7 månader i region Midt til 14,2 månader i region Indre Øst. Det er altså ventetida for dei einslege vaksne som er utslagsgjevande for ulik gjennomsnittleg ventetid mellom regionane.

Samtidig som ventetida er kortast for dei einslege vaksne i region Midt, er det i denne regionen busett prosentvis flest einslege vaksne samanlikna med dei andre regionene. Over halvparten av dei busette i regionen var einslege vaksne.

## 2.11 HISTORIKK VENTETID (MND) FØR BUSETTING FRÅ MOTTAK - TOTALT



Figuren over syner utvikling i ventetid for alle personar som er busett frå mottak. Der kjem det fram at ventetida frå vedtak til busetting har auka jamt dei siste åra. Som det kjem fram av grafen, omhandlar auken i all hovudsak tida frå vedtak til utsøking, medan det berre er mindre endringar i tida frå utsøking til busetting.

Det vil seie at det er IMDi sin tidsbruk for å inngå avtale med kommunane om busetting av einskildpersonar som har auka. Dette må sjåast i samanheng med at talet på busettingsklare i mottak var høgt det meste av året. Dermed vart fleire lengeventande før busetting.

## Del 3: Busettingsklare i mottak

Ved utgangen av året var det 1 422 personar som venta på at IMDi skulle tildele dei ein kommune. I tillegg kjem dei som venta på busettingsamtale og dei med familiemedlemmar som ikkje skal busettes.

Til saman var det difor 3 479 i mottak ved årsskiftet som hadde eit vedtak som gir grunnlag for busetting.

### 3.1 NØKKELTAL FOR BUSETTINGSKLARE - HISTORIKK

	31.12 2013	31.12 2014	31.12 2015
<b>Busettingsklare i mottak</b>	<b>5443</b>	<b>4939</b>	<b>3479</b>
- kor av einslege mindreårige	121	232	555
- kor av born i familie	804	563	366
- kor av einslege vaksne	3741	3559	2216
<b>Lengeventande i mottak</b>			
- totalt	2346	2564	1524
- einslege mindreårige	21	68	256
- born i familie	477	323	212
- kor av einslege vaksne	1576	1997	945
<b>Gjennomsnittleg ventetid for busettingsklare i mottak (mnd)</b>			
- totalt	6,3	7,9	6,1
- einslege mindreårige	1,8	2,7	3,2
- born i familie	6,2	6,3	7,8
- kor av einslege vaksne	6,5	8,7	6,4

Talet på busettingsklare vart redusert mot slutten av året. Frå om lag 5 200 ventande i mottak dei tre første kvartala, enda året med ein monaleg nedgang til 3 479. Dette heng mellom anna saman med den store busettinga det siste kvartalet.

Det er venta at talet på busettingsklare i mottak vil helde fram med å minke i nokre månader framover. Dette heng saman med ein forventning om at busettinga vil vere større enn talet på innvilgelsar frå UDI.

Det er òg store endringar blant busettingsklare einslege mindreårige. Ved utgangen av 2014 var det 232 einslege mindreårige i mottak, medan det ved utgangen av 2015 var 555 personar. Det er venta ei auke i talet på busettingsklare einslege mindreårige i det komande året. [Les meir om denne gruppa i del 4.](#)

Talet på busettingsklare born i familie har minka jamt dei siste åra. IMDi opplever stor etterspurnad etter bornefamiliar. Samstundes er denne gruppa ofte råka av blanda opphaldsløyve som gjer busettinga vanskeleg. Dette kan vere med å forklare kvifor borna som fortsatt ventar i mottak, har lengre ventetid enn einslege vaksne. Ventetida er derimot kortare for borna som har vorte busett - fordi fleire av desse er i ein familie der alle kan busettes. [Les meir om denne gruppa i del 5.](#)

Ventetida for einslege vaksne er no tilbake på nivå med utgangen av 2013. Einslege vaksne utgjør 64 pst av alle busettingsklare i mottak. [Les meir om einslege vaksne i del 6.](#)

### 3.2 VENTETID FOR BUSETTINGSKLARE I MOTTAK - TOTALT

Ventetid	Øst	I. Øst	Sør	Vest	Midt	Nord	Bufo	Bufdir	Totalt
0-3 mnd	197	177	161	228	194	323	97		1377
3-6 mnd	172	107	111	91	100	199	45		825
6 mnd - 1 år	285	171	112	110	120	33	7		838
Over 1 år	169	92	36	43	32	18	-		390
<b>Totalt*</b>	<b>824</b>	<b>547</b>	<b>420</b>	<b>472</b>	<b>446</b>	<b>573</b>	<b>149</b>		<b>3479**</b>
<b>Gjennomsnittleg ventetid i månader</b>	<b>8,4</b>	<b>7,6</b>	<b>5,6</b>	<b>5,3</b>	<b>5,2</b>	<b>3,6</b>	<b>2,6</b>		<b>6,0</b>


\*Totaltala inkluderer 0 personar utan registrert vedtak

\*\*Totaltallet inkluderer 48 personar utan ansvarleg busettingsregion.

Ved utgangen av året var det 390 busettingsklare personar som hadde venta meir enn eitt år frå vedtak om opphald. Til samanlikning gjaldt dette 1 292 ved årsskiftet.

Samla er den gjennomsnittlege ventetida frå vedtak om opphald på 6,0 månader. Det er store regionale skilnadar i ventetida for dei busettingsklare i mottak - frå 3,6 månader (Nord) til 8,4 månader (Øst). I tillegg har Nord det lågaste talet på ventande over eitt år. Dette heng mellom anna saman med ei ansvarsoverføring av ein gruppe flyktingar til region Øst, samt eit langsiktig arbeid i region Nord med å busette dei lengstventande først.

### 3.3 BUSETTINGSKLARE MED OG UTAN BUSETTINGSPLASS - TOTALT



Av dei totalt 3 479 som venta på busetting ved årsskiftet, var det 1 422 som venta på sakshandsaming frå IMDi. Dette heng saman med at 1 670 allereie var tildelt ein kommune (søkt ut), og 287 venta på busettingssamtale i mottak for å avklare eventuelle oppfølgingsbehov etter busettinga. I tillegg var det 100 personar som var i familie med ein eller fleire som har eit vedtak som ikkje gir grunnlag for busetting.

Nær halvparten av dei busettingsklare hadde fått tildelt ein kommune (søkt ut) ved årsskiftet. Alle som vert busett frå mottak, skal først søkjast ut - og den høge delen personar som no er søkt ut, tyder at det er stor busettingsaktivitet sett i samanheng med det samla talet på busettingsklare i mottak.




### 3.4 BUSETTINGSKLARE PER REGION - VENTETID\* OG BUSETTINGSPLASS


- Lengeventande - med busetningsplass
- ▒ Lengeventande - utan busetningsplass
- Ventande under 3/6 mnd - med busetningsplass
- ▒ Ventande under 3/6 mnd - utan busetningsplass

\* Einslege mindreårige og born i familie vert rekna som lengeventande etter tre månader. Alle andre vert rekna som lengeventande etter 6 månader.


REGION ØST  
Busettingsansvar for  
824 personar




REGION INDRE ØST  
Busettingsansvar for  
547 personar




REGION SØR  
Busettingsansvar for  
420 personar




REGION VEST  
Busettingsansvar for  
472 personar



REGION MIDT  
Busettingsansvar for  
446 personar



REGION NORD  
Busettingsansvar for  
573 personar




Figur 3.4 syner forholda mellom lengeventande og personar med/utan busetningsplass på regionnivå.

I løpet av 2015 har det vore ei positiv utvikling for dei lengeventande. Ved byrjinga av året var 52 pst av dei busetningsklare lengeventande, medan det no er 44 pst.

Det er no om lag ein tredel lengeventande i fire av seks regionar. Medan talet på busetningsklare held fram med å synke, vil det vere ei ynskja utvikling at også delen lengeventande held seg eller vert redusert.

Når talet på lengeventande vert veldig lågt, vil gruppa i større grad vere prega av dei med behov for særleg oppfølging og personar som er i familie med personar som ikkje kan busettes. Det vil difor vere viktig å halde fram med å prioritere ressursar på å busette desse.

### 3.5 UTVIKLING FOR VENTANDE I MOTTAK - TOTALT



Som figur 3.5 over syner, vart talet på busetningsklare redusert mot slutten av 2015. Det er eit vanleg mønster at busettinga tek seg opp rundt slutten av året, men ikkje i så stor grad som vi no ser.

Nedgangen er tydeleg for alle gruppene i figuren. Både dei lengeventande og dei ikkje-utsøkte er medverkande til at det samla talet på busetningsklare i mottak fall monaleg i siste kvartal.



## Del 4: Einslege mindreårige

I 2015 vart det busett 691 einslege mindreårige, kor av 120 vart busett av Bufetat. Aldri tidlegare har så mange einslege mindreårige blitt busett i norske kommunar på eitt år. Likevel enda måloppnåinga ved utgangen av året på 24 pst.

### 4.1 BUSETTING EINSLEGE MINDREÅRIGE

691




Ved utgangen av året var det 555 busettingsklare einslege mindreårige i mottak. Dette er meir enn ei dobling frå utgangen av 2014, og fire gongar fleire enn ved utgangen av 2013. Av desse var nær halvparten allereie i kategorien lengeventande.

Ved inngangen til året var det venta eit busettingsbehov på om lag 700 einslege mindreårige. I løpet av året vaks behovet til om lag 900. Busettingskommunane enda med å busette rekordhøge 691 einslege mindreårige. I 2016 vil det verte behov for å busette om lag 2 100. I tråd med dette bad IMDi alle kommunane vurdere busetting av einslege mindreårige i oppmodinga frå november 2015.

Av dei 691 busette einslege mindreårige kom 653 frå mottak, kor av 82 pst vart busett av IMDi. Som hovudregel busett IMDi einslege mindreårige over 15 år, medan Bufetat busett dei

### 4.2 MÅNADLEG BUSETTING AV EINSLEGE MINDREÅRIGE 2014 OG 2015




Busettinga av einslege mindreårige auka særleg i siste del av 2015, og toppa seg med 129 busette i desember. Dette har truleg samanheng med den auka tilstrøyminga av einslege mindreårige som tok til i mai 2015. Busettinga av einslege mindreårige følgjer dermed den øvrige busettinga, med høg busetting i tredje tertial.

Den månadlege busettinga av einslege mindreårige varierte frå 18 personar til 129 personar. Det vil vere ein fordel å oppnå jamnare busetting av denne gruppa i tida framover. Det vil vere mogleg dersom fleire kommunar busett einslege mindreårige, i tråd med oppmodinga frå IMDi som vart sendt i november 2015.

100 einslege mindreårige fylte 18 år før busetting. Desse vert rekna inn i talet på busette einslege, og ikkje i talet for einslege mindreårige. Dei utløyser likevel særskilt kommunalt tilskot for busetting av einslege mindreårige. Samla er det difor busett 791 personar som utløyser dette tilskotet.

### 4.3 REGIONVIS BUSETTING EINSLEGE MINDREÅRIGE


Tal på personar (kor av frå omsorgssenter)



Noregskartet over syner den regionale busettinga av einslege mindreårige. Til saman er det busett flest i region Øst, tett etterfølgt av region Nord.

Av dei som er busett av Bufetat, er det også flest i region Øst. Fordelinga mellom dei andre regionane er nokså lik både med tanke på samla busetting og busette av Bufetat.

### 4.4 VENTETID (MND) FRÅ VEDTAK TIL BUSETTING - EINSLEGE MINDREÅRIGE






Figur 4.4 på førre side viser at snittet på ventetida frå vedtak til busetting for einslege mindreårige no ligg på 4,9 månader, noko som er utanfor målsettinga om busetting innan 3 månader. Det er om lag 1 måned i skilnad i ventetid mellom dei som er busett av IMDi og dei som er busett av Bufetat.

Ventetida frå vedtak til busetting har auka både for dei som vert busett av IMDi og Bufetat. Dette må sjåast i samanheng med mangel på naudsynt tal på busettingsplassar for einslege mindreårige og auken i talet på busettingsklare.

#### 4.5 HISTORIKK VENTETID (MND) FØR BUSETTING FRÅ MOTTAK - EINSLEGE MINDREÅRIGE (IMDI OG BUFETAT SAMLA)



Figuren 4.5 syner utviklinga i ventetider for einslege mindreårige som er busett frå mottak. Det kjem fram at ventetida frå vedtak til utsøking er aukande, medan ventetid frå utsøking til faktisk busetting er relativt stabil.


#### 4.6 BUSETTINGSKLARE EINSLEGE MINDREÅRIGE - BUSETTINGSPLASS OG VENTETID

	IMDi		Bufetat		Totalt	
	kor av totalt	kor av utan bus.plass	kor av totalt	kor av utan bus.plass	kor av totalt	kor av utan bus.plass
0-3 mnd	202	190	97	89	299	279
3-5 mnd	184	140	45	29	229	169
6-8 mnd	16	8	2	1	18	9
9-11 mnd	1	-	5	1	6	1
Over 12 mnd	3	3	-	-	3	3
<b>Totalt</b>	<b>406</b>	<b>341</b>	<b>149</b>	<b>120</b>	<b>555</b>	<b>461</b>

Blant dei 555 busettingsklare einslege mindreårige som venta på busetting ved utgangen av året, hadde IMDi busettingsansvar for 406 og Bufetat busettingsansvar for 149. Talet på busettingsklare einslege mindreårige har meir enn dobla seg sidan utgangen av 2014. Dette skuldast auka tilstrøyming av einslege mindreårige.

Det var 461 einslege mindreårige som venta på tilbod om busettingsplass ved utgangen av 2015. Dette er ein oppgang på 250 samanlikna med utgangen av året før. Dette er ei utvikling som vil verte særleg viktig å halde fokus på vidare. Delen lengeventande einslege mindreårige er nå 39 pst, ei auke på 10 prosentpoeng samanlikna med utgangen av 2014.

#### 4.7 BUSETTINGSKLARE MED OG UTAN BUSETTINGSPLASS - EINSLEGE MINDREÅRIGE




83 pst av dei busettingsklare einslege mindreårige ventar på tilbod om busettingsplass. Det er ein nedgang på 8 prosentpoeng samanlikna med utgangen av 2014. Talet på einslege mindreårige utan tilbod om busettingsplass er derimot meir enn dobla.

Dersom ein ser dette i samanheng med at gjennomsnittleg ventetid for einslege mindreårige som ventar i mottak har auka frå 2,7 månader i 2014 til 3,2 månader i 2015, tyder det på ei utvikling som kan føre med seg endå lågare måloppnåing i 2016. IMDi er avhengig av at fleire kommunar tek imot einslege mindreårige.

Av dei einslege mindreårige utan busettingsplass oppheld 341 seg i UDI-mottak og 120 i omsorgssenter.

#### 4.8 UTVIKLING FOR VENTANDE I MOTTAK - EINSLEGE MINDREÅRIGE



Figuren over syner utviklinga for busettingsklare einslege mindreårige det siste året. Her kjem det fram ei monaleg auke for busettingsklare sidan mai i år. Som ein følgje av auka i talet på busettingsklare har og talet på dei ikkje-utsøkte busettingsklare og dei lengeventande auka.


Medan grafen som syner det totale talet på busettingsklare einslege mindreårige peker nedover i dei siste månadane av året, er det venta at talet vil halde seg jamt framover. Utviklinga blir følgt nøye i det vidare samarbeidet mellom IMDi og busettingskommunane, medan dei bygger opp kapasitet for å møte behovet på 2 100 einslege mindreårige i 2016.

## Del 5: Familjar

IMDi tildelte busettingsplass til 1 123 ulike familjar i 2015. I desse familiane var det 2 683 born.

Til samanlikning var det ved årsskiftet 225 familjar som venta på busetting. 37 pst av desse familiane var råka av at ein eller fleire ikkje hadde løyve som gir grunnlag for busetting. Dermed vert også ventetida deira lang.

### 5.1 BUSETTE FAMILIEEININGAR - PERSONKATEGORAR



Nær halvparten av dei totalt 11 342 busette i 2015 var del av ei familieeining. Familieeiningane inkluderer gruppene born i familie, vaksen i familie med born og vaksen i familie utan born.

Figuren over syner at halvparten av personane i familieeiningane var born. Vaksne i familjar med born utgjorde 40 pst, medan vaksne i familjar utan born utgjorde 11 pst.

### 5.2 BUSETTING FAMILIAR

5 429



mottak  
3018



overføringsflyktningar  
2233



utanfor mottakssystemet  
178

Av dei 5 429 busette som tilhørte familieeiningar, vart 3 018 busett frå mottak, og dette utgjorde 56 pst. Dette er ein nedgang frå 65 pst ved utgangen av 2014, og heng saman med at mange av overføringsflyktningane som har kome, er familjar.

2 233 var overføringsflyktningar og 178 oppheldt seg utanfor mottakssystemet før busetting.

### 5.3 BUSETTE BORNEFAMILIAR - MED OG UTAN RETT TIL BUSETTING

	BORN		FAMILIEEININGAR	
	Tal	Del av total	Tal	Del av total
Fam der alle har rett til busetting	2615	97 %	1093	97 %
Fam der ikkje alle har rett til busetting	68	3 %	30	3 %
TOTALT	2683	100 %	1123	100 %

Dei fleste bornefamiliane som vart busett i 2015 var del av ein familie der alle kunne busettes. Dette gjaldt heile 97 pst av familiane.


Dei 2 683 borna var del av familjar med ein storleik som strakk seg opp til 14 personar. Den storleiken som forekom hyppigst var på 5 personar. Det kan vere krevjande for kommunane å skaffe bolig for dei største familiane eller gjere andre tilretteleggingar før busetting. Dette er difor den busettingsgruppa som har lengst ventetid frå tildelinga til kommunen (utsøkinga) har funne stad, til busettinga vart gjennomført (sjå og figur 5.6).

IMDi prioriterer busetting av born i familjar på lik linje med einslege mindreårige. I 2015 vart 22 pst av desse busett innan 3 månader, jf. del 1. Busetting av bornefamiljar er tidkrevjande av fleire grunner; det skal gjennomførast ei kartlegging av eventuelle behov for tilrettelegging av kvar einskild person (slik som plass i skule og bornehage), og det tar ofte noko tid for busettingskommunen å finne ein passende bolig for den einskilde familie.

I bornefamiljar er det ei særskild utfordring når eitt eller fleire familiemedlem har vedtak som ikkje gir grunnlag for busetting. Løysinga for desse familiane er at dei får ein kommune å flytte til, med at det lagast ei særordning for dei i familien som ikkje har opphaldsløyve. Det kan vere vanskeleg å få til slike avtalar med kommunane, av di personane utan ordinært løyve verken utløyser integreringstilskot eller har rett på introduksjonsstønad eller introduksjonsprogram.


37 pst av dei 225 familiane som venta på busetting ved utgangen av året, hadde eitt eller fleire medlem utan grunnlag for busetting. Til samanlikning hadde berre tre pst av familiane som vart busett i 2015 eit medlem med løyve som ikkje ga grunnlag for busetting. Den store skilnaden syner kor krevjande det er å få busett familjar der eitt eller fleire medlem ikkje

## 5.5 VENTETID (MND) FRÅ VEDTAK TIL BUSETTING - PERSONAR I FAMILIEEININGAR




Born i familie har lågast ventetid frå vedtak til busetting av gruppene som tilhører familieeiningar, med ei ventetid på 5,6 månader. Både vaksne i familie med born og vaksne i familie utan born har lågare ventetid enn det som gjeld for den samla busettinga.

## 5.6 HISTORIKK VENTETID (MND) FØR BUSETTING FRÅ MOTTAK - BORNEFAMILIAR



Figur 5.6 syner historikk i gjennomsnittleg ventetid for busette familiar frå mottak. Ventetidene har generelt auka i løpet av 2015. Det store talet på busette har medverka til dette fordi det vart busett mange lengeventande. Desse dreg opp snittet på ventetida for dei busette. Det er på så måte ei ynskja utvikling.

## 5.7 BUSETTINGSKLARE FAMILIEEININGAR - PERSONKATEGORIER



Ved utgangen av året var det totalt 708 busettingsklare personar som var del av ein familie. Av desse var 366 born, 256 var vaksne i familie med born, og 96 var vaksne i familie utan born.

## 5.8 BUSETTINGSKLARE BORN I FAMILIE

Ventetid	u/bus.							Totalt
	Øst	I. Øst	Sør	Vest	Midt	Nord	region	
0-3 mnd	42	14	20	27	25	12	14	154
3-6 mnd	22	11	15	10	2	3	-	63
6 mnd - 1 år	27	17	5	11	6	4	3	73
Over 1 år	26	11	8	10	9	11	1	76
<b>Totalt</b>	<b>117</b>	<b>53</b>	<b>48</b>	<b>58</b>	<b>30</b>	<b>30</b>	<b>18</b>	<b>366</b>
<b>Gjennomsnittleg ventetid i månader</b>	<b>8,1</b>	<b>8,8</b>	<b>6,9</b>	<b>6,4</b>	<b>7,4</b>	<b>12,5</b>	<b>2,2</b>	<b>7,8</b>

Tabellen over syner korleis dei 366 busettingsklare familieborna fordelte seg etter region, samt kategoriar av ventetid og gjennomsnittleg ventetid. Av dei busettingsklare borna hadde 58 pst ei ventetid frå vedtak som var meir enn tre månader.

Den gjennomsnittlege ventetida for alle busettingsklare born var på 7,8 månader, med regionale skilnader frå 6,4 månader (Vest) til 12,5 månader (Nord). Den høge ventetida i Nord skuldast mellom anna at ein del av borna er i familie med nokon som ikkje kan busettes.

Med ein samla ventetid på 7,8 månader tyder mykje på at måloppnåinga truleg vil halde seg på eit lågt nivå også i den næraste tida framover.

## 5.9 BUSETTINGSKLARE BORNEFAMILIAR - MED OG UTAN RETT TIL BUSETTING


	BORN		FAMILIEEININGAR	
	Tal	Del av total	Tal	Del av total
Fam der alle har rett til busetting	260*	71 %	141*	63 %
Fam der ikkje alle har rett til busetting	106*	29 %	84*	37 %
<b>TOTALT</b>	<b>366*</b>	<b>100 %</b>	<b>225*</b>	<b>100 %</b>

\*Tala inkluderar born i familie både med og utan busettingsplass

Dei 366 busettingsklare borna tilhørte 225 familieeiningar. I 37 pst av desse familiene var det personar som ikkje hadde rett til busetting, og 29 pst av dei busettingsklare borna var del av ein slik familie – jf. problemstillinga som er nemnt under 5.3.



## 5.10 BUSETTINGSKLARE MED OG UTAN BUSETTINGSPLASS - BORN I FAMILIE



Av dei 366 busettingsklare borna har 50 pst fått tilbod om busettingsplass. Til samanlikning var delen med busettingsplass på 41 pst ved utgangen av 2014.


Blant borna var det 32 som venta på busettingssamtale i mottaket. Informasjonen frå samtalen er med på å førebu saksbehandlingsa slik at naudsynte tilretteleggingar kan takast hensyn til i busettinga.

Av dei som ikkje hadde gjennomført samtale og heller ikkje var blitt tildelt ein kommune (søkt ut), var det 90 born som var i familie med nokon som ikkje kunne busettes. IMDi jobbar med å løyse busettingssaka deira, men det er ein særskild lang prosess, jf. det som er skrive om desse familiane over.

## Del 6: Einslege vaksne


Einslege vaksne er den største gruppa både blant dei busette frå mottak og blant dei som ventar i mottak og skal busettes.

### 6.1 BUSETTING EINSLEGE VAKSNE



Ved utgangen av året var det busett 5 148 einslege vaksne, ei auke på 64 pst samanlikna med 2014. Av desse vart 4 873 busett frå mottak, 115 overføringsflyktningar og 160 oppheldt seg utanfor mottakssystemet før busetting.

### 6.2 VENTETID (MND) FRÅ VEDTAK TIL BUSETTING - EINSLEGE VAKSNE




Einslege vaksne utgjorde 46 pst av alle busette i 2015, noko som er ei auke frå 40 pst i førre år. Den auka busettinga av denne gruppa er med på å betre den gjennomsnittlege ventetida blant dei busettingsklare einslege vaksne i mottak frå 8,7 månader ved årsskiftet til 6,4 månader ved utgangen av 2015.

For dei busette einslege vaksne var den gjennomsnittlege ventetida frå vedtak til busetting på 10,8 månader. Dette er ei lita nedgang frå 11 månader førre år. Til samanlikning var ventetida for den samla busettinga 8,4 månader.

Av dei ulike personkategoriane er det einslege vaksne som har lengst ventetid. Den lange ventetida heng saman med at einslege vaksne ikkje er ei prioritert busettingsgruppe på same vis som einslege mindreårige og familiar.

Så fremt ventetida for dei busette er større enn for dei busettingsklare, sånn situasjonen er no, tyder det at det er dei som har venta lengst, som vert busett først. Dette er i tråd med IMDi sine intensjonar.

### 6.3 BUSETTINGSKLARE MED OG UTAN BUSETTINGSPLASS - EINSLEGE VAKSNE




Av dei busettingsklare einslege vaksne i mottak hadde 54 pst fått tilbod om busettingsplass, medan 46 pst venta på tilbod om kommune.

Til samanlikning var delen einslege vaksne utan busettingsplass på 78 pst året før. Dette har samband med nedgangen i talet på busettingsklare einslege vaksne.

Ved utgangen av førre år var det til saman 3 559 einslege vaksne i mottak, mens det ved utgangen av 2015 var 2 216.

## Del 7: Nasjonalitet


### 7.1 NASJONALITET BUSETTE



Det er busett personar frå 61 nasjonar. I tillegg kjem statslause. Dei tre største nasjonalitetsgruppene er syrarar, eritrearar og somaliarar. Desse utgjør høvesvis 33 pst, 29 pst og 9 pst, medan dei øvrige nasjonalitetsgruppene til saman utgjør 29 pst. Det er dei same nasjonalitetsgruppene som er størst i 2015 som i året før.

Busette einslege mindreårige kjem frå 15 ulike nasjonar. I tillegg kjem statslause. Det er eritrearar, afghanarar og syrarar som er dei tre største nasjonalitetsgruppene, og utgjør høvesvis 40 pst, 39 pst og 6 pst. Det er ei ny utvikling i 2015 at det er fleire syrarar enn somaliarar blant dei busette einslege mindreårige.

### 7.2 NASJONALITET BUSETTINGSKLARE



Dei 3 479 busettingsklare personane i mottak kjem frå til saman 34 nasjonar. I tillegg kjem statslause. Eritrearar held fram med å vere den største nasjonalitetsgruppa, og utgjør 43 pst. Deretter kjem syrarar med 16 pst og afghanarar med 10 pst. Det er ei ny utvikling at det er fleire afghanarar enn somaliarar blant dei busettingsklare. Det har samband med den store auka i busettingsklare einslege mindreårige.

Dei 555 busettingsklare einslege mindreårige kjem frå til saman 8 nasjonar. I tillegg kjem statslause. Blant einslege mindreårige er afghanarar den største gruppa, dei utgjør 53 pst.

### 7.3 BUSETTINGSKLARE I MOTTAK - NASJONALITET OG PERSONKATEGORI

Nasjonalitet	Einslege kvinner	Einslege menn	Familiar, kvinner	Familiar, menn	Totalt
Eritrea	222	1147	76	47	1492
Syria	38	389	57	71	555
Afghanistan	16	306	22	14	358
Sudan	2	214	7	8	231
Statslaus	22	88	57	54	221
Etiopia	37	94	42	6	179
Somalia	35	71	41	24	171
Iran	4	15	17	13	49
Jemen	-	8	21	17	46
Irak	-	6	11	9	33
Andre	12	38	57	37	144
<b>Totalt</b>	<b>395</b>	<b>2376</b>	<b>408</b>	<b>300</b>	<b>3479</b>

Tabellen over syner korleis fordelinga er mellom kjønn, nasjonalitet og personkategori. Den største einiskildgruppa i tabellen er framleis einslege menn/gutar frå Eritrea, som utgjør 33 pst av alle busettingsklare.

Blant einslege er det 17 pst kvinner og 83 pst menn, medan kvinner utgjør 58 pst av personar som er del av ein familieeining.

Samla sett utgjør kvinner 34 pst av alle busette i 2015, medan dei utgjør 23 pst av alle busettingsklare ved utgangen av året.

## Del 8: Overføringsflyktingar

### 8.1 REGIONVIS BUSETTING AV OVERFØRINGSFLYKTINGAR

	Øst	I.Øst	Sør	Vest	Midt	Nord	Totalt
Busette	324	427	407	430	386	391	2365
Bodsendte, ikkje komne	49	97	80	103	63	127	519
Totalt	373	524	487	533	449	518	2884

Ved utgangen av året var det busett 2 365 overføringsflyktingar. Dette er ei auke på 87 pst samanlikna med førre år. Den store auka heng saman med at kvota i 2015 var større enn i 2014. Samtidig vart tilreisande frå uttakskommisjon i Tyrkia førre år forseinka, og kom difor til Noreg over nyttår. I tillegg til dei busette var 519 overføringsflyktingar bodsendt, men ikkje komne til Noreg.

Til saman vart det gjeve løyve til 2 620 overføringsflyktingar i 2015, kor av 2 000 syrarar. Det vert difor gjennomført uttakskommisjonar i Libanon, Jordan og Tyrkia (syrarar) og Iran (afghanarar). Kvota blei økt seint på året, slik at det ekstra uttaket frå Libanon ikkje har rukke å bli busett i 2015. Dei vil difor bli busett over nyttår i 2016.

Av dei 2 365 overføringsflyktingane som vart busett i 2015, var det 1 697 syrarar. 94 pst av overføringsflyktingane var del av ein familieeining, samanlikna med 35 pst av dei som vart busett frå mottak.

## Del 9: Særskilt tilskot for busetting

### 9.1 UTBETALING AV TILSKOT VED BUSETTING AV PERSONAR MED ALVORLEGE FUNKSJONSHEMMINGAR OG/ELLER ÅTFERDSVANSKAR

#### FH-TILSKOT

Tilskot 1:	Tilskot 2:
49,6 mill. kr	337,0 mill. kr
290 utbetalingar	699 utbetalingar

I 2015 vart det til saman utbetalt 386,6 millionar kroner i særskilt tilskot til kommunar som busett flyktingar med nedsett funksjonsevne og/eller åtferdsvanskar. Desse deler seg på 989 utbetalingar.

Utbetalingane i 2015 utgjer ei auke på nær 126 millionar kroner samanlikna med fjoråret. Sjølv beløpet i 2014 utgjorde ei auking frå på om lag 32 millionar kroner frå 2013. Det er difor ei tydelig auke i utbetalingar av ekstratilskotet.

Det er stor auke i både tal på utbetalingar og utbetalingsbeløp av tilskotet samanlikna med førre år, på høvesvis 58 pst og 48 pst. Dette fører med seg at det gjennomsnittlege utbetalingsbeløpet per sak har gått ned frå om lag 417 600 kr i 2014 til om lag 390 900 kr i 2015.

Det er med andre ord fleire personar som utløyser det særskilte tilskotet, men til ein lågare gjennomsnittleg kostnad enn til same tid i fjor. Årsakene til dette er ikkje avklart, men det vil vere naturleg å vente at stadig betre kunnskap til tilskotsordninga fører til at fleire kommunar søker.

Utbetalingane i 2015 gjekk til 154 kommunar, samanlikna med 122 kommunar i fjor. Det er i tillegg truleg at det auka forbruket heng saman med at det er busett 46 pst fleire enn i året før.

### 9.2 TILSKOT VED BUSETTING AV PERSONAR MED ALVORLEGE FUNKSJONSHEMMINGAR OG/ELLER ÅTFERDSVANSKAR - KJØNN OG ALDER

	MANN	KVINNE	TOTALT
Under 18 år	365	208	573
18 - 24 år	55	47	102
25 - 39 år	87	107	194
40 - 59 år	42	61	103
Over 60 år	9	8	17
Totalt	558	431	989

Det er berre mindre skilnader i kjønnsfordelinga for personar som utløyser tilskotet, med 56 pst av utbetalingane for menn og 43 pst for kvinner. Mindreårige utgjer 57 pst i høve til tal på utbetalingane. Desse hovudlinene har vore stabile over tid.

## Del 10: Vedtaksplassar

I 2015 blei det registrert vedtak om 11 185 busettingsplassar i kommunane. Dette er 39 pst meir enn året før.

### 10.1 MÅLTAL OG VEDTAKSPASSAR

	Øst	I.Øst	Sør	Vest	Midt	Nord	Totalt
Måltal for busetting	2020	1400	1450	2000	1550	1580	10000
Måltal i %	20,2 %	14 %	14,5 %	20 %	15,5 %	15,8 %	100 %
Oppmoda vedtaksplassar	2325	1481	1542	2038	1829	1970	11185
Faktiske vedtaksplassar	2688	1571	1548	2137	1975	1800	11719
Tal på kommunar som er oppmoda (med vedtak)	55 (54)	69 (69)	48 (47)	85 (76)	84 (79)	87 (72)	428 (397)

### 10.2 MÅLTAL OG VEDTAKSPASSAR FOR EINSLEGE MINDREÅRIGE


	Øst	I.Øst	Sør	Vest	Midt	Nord	Totalt
Måltal for busetting	152	105	109	150	116	119	750
Måltal i %	20,2 %	14 %	14,5 %	20 %	15,5 %	15,8 %	100 %
Oppmoda vedtaksplassar	166	117	106	144	113	95	741
Faktiske vedtaksplassar	137	77	99	110	102	120	645
Tal på kommunar som er oppmoda (med vedtak)	36 (24)	20 (16)	13 (13)	22 (18)	12 (10)	15 (14)	118 (95)

Måltalet for busetting i 2015 vart opphavelig sett til 10 000 av Nasjonalt utval for mottak og busetting. Samstundes var det for få busettingsplassar i kommunevedtaka. I april sendte statsråden eit brev til alle kommunane for å undersøke om dei hadde høve til å auke busettingskapasiteten ytterlegare. I mai byrja ankomsttala å auke, noko som vedvarte ut i hausten.


Det vart óg innført eit ekstratilskot på opptil 50 000 kr for kvar person den einskilde kommune busette ut over det talet kommunen vart oppmoda om. Denne tilskotsordninga endte med å utløyse 95,4 mill. kr. og ga 2 129 nye plassar i 208 ulike kommunar.

Den regionale fordelinga av busettinga slik den kjem fram i tabell 10.1 og 10.2 vart mot slutten av 2015 bestemt endra for Øst, Sør og Vest, til høvesvis 21,2 pst, 12,5 pst og 21 pst. Endringane trer ikraft frå 2016.

### 10.3.1 BUSETTINGSVEDTAK I HØVE TIL OPPMODING



### 10.3.2 BUSETTINGSVEDTAK I HØVE TIL OPPMODING



I alt 378 kommunar svara positivt på oppmodinga om å busette flyktningar i 2015. Dei 11 719 busettingsplassane hadde bakgrunn i ei oppmoding på 11 185. Med andre ord vart det til saman vedteke fleire plassar enn kommunane vart spurde om.

Blant kommunane som svara ja på oppmodinga, var det 114 kommunar som vedtok eit tal som var lågare enn oppmodinga. IMDi gjekk glipp av 831 busettingsplassar grunna dette. Samstundes var det heile 167 kommunar som vedtok til saman 1 961 fleire busettingsplassar enn dei var spurde om.

Talet på kommunar som valde å seie ja til heile oppmodinga dobla seg frå 77 kommunar i 2013 til 141 kommunar i 2014, og auka ytterlegare til 264 kommunar i 2015. Dette er ei positiv utvikling.

### 10.4 KOMMUNESTORLEIK (FOLKETAL) OG VEDTAK OM BUSETTING

	under 3000	3000-8000	8000-15000	15000-25000	over 25000	Totalt
nei-vedtak	18	1				19
1-10	59	39	3			101
11-20	49	62	12	8		131
21-30	5	17	7	9	1	39
31-40		12	16	6	5	39
41-50		1	7	5	7	20
51-60			8	4	3	15
61-70		1	2	2	1	6
71-80			1	1	3	5
81-90				1	6	7
91-100					3	3
Over 100					12	12
Utan vedtak	27	4				31
<b>Totalt</b>	<b>158</b>	<b>137</b>	<b>56</b>	<b>36</b>	<b>41</b>	<b>428</b>

Tabellen over syner forholdet mellom kommunestorleik og vedtak om busetting.

Dei 19 kommunane som svara nei til oppmodinga om busetting, tilhøyrer dei to minste kategoriane av kommunar, det vil seie færre enn 8 000 innbyggjarar. Av dei 31 kommunane som ikkje svara på oppmodinga tilhøyrer 87 pst den minste kommunekategorien, altså færre enn 3 000 innbyggjarar.

Det var til saman 101 kommunar som har vedtak om å busette 1-10 flyktningar, kor av 97 pst tilhøyrer dei to minste kategoriane av kommunar.

I hovudsak syner tabellen ein samanheng mellom folketal og vedtak om busetting.



## 10.5 KOMMUNEVEDTAK 2015 OG BUSETTING PER ANDRE TERTIAL

	Ingen busetting	1-10	11-20	21-30	31-40	41-50	51-60	61-70	71-80	81-90	91- 100	Over 100	Totalt
nei-vedtak	19												19
1-10	8	60	30	3			1						101
11-20		24	90	16			1						131
21-30			12	16	11								39
31-40	1		1	10	17	10							39
41-50	1			1	3	11	4						20
51-60						6	5	4					15
61-70							1	3					6
71-80					1			2	1				5
81-90							1	1	2	1			7
91-100									1	1	2		3
Over 100												12	12
Utan vedtak	24	5		1		1							31
<b>Totalt</b>	<b>53</b>	<b>89</b>	<b>133</b>	<b>47</b>	<b>32</b>	<b>28</b>	<b>12</b>	<b>10</b>	<b>4</b>	<b>5</b>	<b>3</b>	<b>12</b>	<b>428</b>

Tabellen over syner forholdet mellom kommunevedtak (vertikal akse) og faktisk busetting (horisontal akse) for 2015.

Underytarar er markert med raudt. Kommunane som er markert med gult var nær ved å fylle vedtaka sine, medan dei grønne busette fleire enn dei hadde vedteke.

IMDi har registrert busetting i 375 kommunar, medan 378 kommunar hadde fatta vedtak om busetting. Av busettingskommunane var det syv som ikkje hadde vedtak om busetting, medan 10 kommunar med positivt vedtak ikkje gjennomførte nokon busetting i løpet av året.

Det var inga busetting i 53 kommunar i 2015, som er ei betring frå 88 kommunar året før.

## 10.6 VEDTAKSPASSAR - PLASSUTNYTTING PÅ REGIONNIVÅ

Region	Busette	Vedtak	Plass- utnytting
IMDi Øst	2445	2688	91 %
IMDi Indre Øst	1530	1571	97 %
IMDi Sør	1524	1548	98 %
IMDi Vest	2069	2137	97 %
IMDi Midt	1959	1975	99 %
IMDi Nord	1741	1800	97 %
Totalt	11342*	11719	97 %

\*Totaltalet inkluderer 74 personar med skjema identitet.

\*\*Totaltalet inkluderer m.a. personar søkt ut gjennom Bufetat

Tabell 10.6 syner plassutnyttinga på regionnivå ved utgangen av året. Samla låg denne på 97 pst, med variasjonar frå 91 pst (Øst) til 99 pst (Midt).

Plassutnyttinga heng mellom anna saman med kor tid busettingsplassen vert gjort tilgjengeleg. Dei fleste plassane som vart tilgjengeleg i fjerde kvartal, vil bli nytta på nyåret i 2016. Dette heng saman med tida som går frå plassen er tildelt (tida etter "utsøking" jf. figur 2.11). Det er og slik at viss samtlege kommunar med positivt vedtak hadde busett, ville plassutnyttinga vore over 100 pst.